STORD KOMMUNE

kristtornbyen

Alkoholpolitiske retningsliner for Stord kommune 2020-2024

KAP. 1 Innleiing s.3

KAP. 2 Lovgrunnlag s.3

KAP. 3 Politisk handlingsrom s.3

KAP. 4 Delegasjon av mynde s.4

KAP. 5 Krav til søknad, sakshandsamingstid s.4

5.1. Krav til søknad
5.2. Sakshandsamingstid

KAP. 6 Definisjonar s.5

6.1. Alkoholgrupper
6.2. Aldersgrenser for sal, skjenking og kjøp
6.3. Salsløyve
6.4. Skjenkeløyve

KAP. 7 Fast salsløyve s.6

7.1. Generelle vilkår for salsløyve
7.2. Gebyr salsløyve
7.3. Gebyr for avlegging av kunnskapsprøve for sal
7.4. Nettsal
7.5. Desse kan ikkje få salsløyve
7.6. Vilkår knytt til løyvehavar/salsstyrar/reservesalsstyrar
7.7. Salstider
7.8. Utvida løyve til produksjon og innførsel av alkohol gruppe 1 og 2 for sal i eiga verksemd
7.9. Sal og skjenking i same lokale

KAP. 8 Fast skjenkløyve s.9

8.1. Generelle vilkår for skjenkeløyve
8.2. Gebyr for fast skjenkeløyve
8.3. Gebyr for å ta kunnskapsprøven for skjenking
8.4. Vilkår knytt til skjenkestader ut frå konsept
8.5. Aldersgrense for skjenkestader med alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2
8.6. Aldersgrense for skjenkestader med alkoholhaldig drikk gruppe 3
8.7. Desse kan ikkje få fast skjenkeløyve
8.8. Vilkår for fast skjenkeløyve til lukka lag
8.9. Utvida skjenkeløyve for eitt enkelt høve
8.10. Vilkår knytt til løyvehavar/skjenkestyrar/reserveskjenkestyrar/andre tilsette
8.11. Vilkår knytt til skjenkelokale
8.12. Vilkår for skjenking av alkohol i kommunale lokale nytta til eiga verksemd
8.13. Vilkår for skjenking i kommunale lokale som heilt/delvis er leigd bort
8.14. Vilkår knytt til skjenkestader som ligg i eller ved kjøpesenter
8.15. Vilkår knytt til geografisk plassering av skjenkestader
8.16. Vilkår om ordensmessig og sosial kontroll
8.17. Skjenketider inne
8.18. Skjenketider utandørs

KAP. 8 Fast skjenkeløyve

8.19. Vilkår for utandørs skjenking
8.20. Overgang sommartid/vintertid
8.21. Skjenketider ved overnattingsstader
8.22. Vilkår for skjenkeløyve i fartøy
8.23. Utvida skjenkeløyve til innføring, produksjon og skjenking av alkohol gruppe 1 og 2 i eiga verksemd
8.24. Sal og skjenking i same lokale

KAP. 9 Skjenkeløyve for eitt enkelthøve/del av året s.18

9.1. Ein må søke om skjenkeløyve i desse høva
9.2. Vilkår for kommunale lokale
9.3. Vilkår for skjenkeløyve for eitt enkelthøve/del av året
9.4. Løyvegebyr – skjenkeløyve for eitt enkelthøve/del av året
9.5. Gebyr for avlegging av kunnskapsprøve for skjenking

KAP. 10 Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve s.21

10.1. Dokumenttilsyn
10.2. Rapportering

KAP. 11 Prosedyre og tiltak ved brot på alkohollovgjevinga s.22

11.1. Prikktildeling
11.2. Anna grunnlag for prikktildeling
11.3. Inndraging av løyve
11.4. Inndraging av løyve er eit enkeltvedtak
11.5. Politiet sitt mynde til å stenga sals- og skjenkestader

KAP. 1. Innleiing

I følgje alkohollova §§ 1-7d og 1-6 skal kommunen utarbeida ein Alkoholpolitisk handlingsplan. I Stord kommune ligg planen forankra som ein del av Stord kommune sin rusmiddelpolitiske handlingsplan. Handlingsplanen skal reviderast kvar kommunestyreperiode og kommunen skal gjennomgå eigen alkoholpolitikk kvart 4. år, etter at nytt kommunestyre trer i kraft, jf. § 1-6.

Desse alkoholpolitiske retningslinene er eitt av fleire tiltak i kommunen sin rusmiddelpolitiske handlingsplan og er eit styringsverktøy som til ei kvar tid skal ligga innanfor gjeldande alkoholregelverk og medverka til ein forutsigbar og ryddig alkoholpolitikk.

Hovudmålet med kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner er å regulera alkoholomsetnaden i Stord slik at den går føre seg i forsvarlege former slik statlege og kommunale organ føreset.

Alkohollova inneheld viktige verkemiddel for å førebyggje og redusere skadeverknadane av alkohol, blant anna ved å redusera forbruket i befolkninga, jf. § 1-1. Dei mest effektive verkemidla påverkar pris og tilgjenge av alkohol. Dette omfattar mellom anna kontroll med omsetjing og skjenking av alkohol, kontroll i høve reklameforbodet, handheving av aldersgrenser og tidsavgrensingar for skjenking av alkohol.

KAP. 2. Lovgrunnlag

Alle lovparagrafar i desse retningslinene viser til alkohollova dersom ikkje anna er nemnd og der det ikkje står anna i desse retningslinene, gjeld ordlyden i alkohollova og bestemminger gjeve i medhald av denne.

Alkohollova med kommentarar og alkoholforskrifta med kommentarar ligg til grunn for tolking av alkoholregelverket i desse retningslinene.

KAP. 3. Politisk handlingsrom

Sal, skjenking og tilverknad av alkoholhaldig drikk kan berre skje med eit kommunalt løyve etter alkohollova.

Kommunale sals- og skjenkeløyve vert gjeve for ein periode på inntil fire år om gongen og går ut seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunen kan avgjera at dei kommunale skjenkeløyva likevel ikkje skal opphøyra men gjelde vidare for ein ny peirode på inntil fire år, dersom kommunen har hatt ein gjennomgang av alkohol- og løyvepolitikken sin etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunen kan fastsetje vilkår for sals- og skjenkeløyve i samsvar med vanlege forvaltningsrettslege reglar. Ved fornying av eksisterande løyve kan kommunen endre eller fastsetje nye vilkår for løyvet i enkeltvedtak om at tidlegare løyve skal halde fram.

KAP. 4. Delegasjon av mynde

Forvaltninga av alkohollova i Stord kommune er delegert frå kommunestyret til Formannskapet og rådmannen etter gjeldande delegasjonsreglement.

Til dagleg blir saksområdet serverings-, sals- og skjenkeløyve administrert frå avdelinga fellestenester.

I klagesaker kan Fylkesmannen i Vestland prøva om kommunen sine vedtak er innhaldsmessig lovlege, om dei er gjort av rett organ og om dei er blitt til på lovleg måte, jf. § 1-16.

KAP. 5. Krav til søknad, sakshandsamingstid

Løyve til å selja eller skjenka alkohol til forbrukar er ikkje ein rett. Sjølv om alle vilkår i lova er stetta i søknaden, skal kommunen etter lova nytta eit breitt skjønn. Avslag skal vera saklege og grunngjevast, jf. forvaltningslova § 24.

5.1 krav til søknad

a) Fullstendig og rett utfylt søknad på godkjent elektronisk søknadsskjema.

b) Godkjenning frå grunneigar/utleigar/huseigar. Godkjenning/ferdigattest frå RBO.

c) Dokumentasjon av internkontrollsystem.

d) Ved større arrangement kan det bli kalla inn til samarbeidsmøte innan det vert fatta vedtak om skjenkeløyve og det kan også bli kalla inn til evalueringsmøte i etterkant, jf. Arrangementshandboka til Stord kommune.

e) Innan løyvevedtak om faste løyve vert sendt ut skal det betalast inn eit løyvegebyr ut frå forventa omsett mengd alkohol etter gjeldande sats, ev. minimumsgebyr. For søknad om løyve for èitt einskildhøve skal det betalast gebyr i samsvar med løyvevedtaket.

5.2. Sakshandsamingstid

Søknader om løyve skal førebuast og avgjerast utan ugrunna opphald. Om det er forventa at det vil ta meir enn ein månad innan vedtak i saka vert fatta, skal søkjaren varslast, jf. forvaltningslova § 11a. Sakshandsamingstida gjeld frå den datoen all påkravd dokumentasjon har kome inn til kommunen, til vedtak vert fatta, jf. forskrift til forvaltningslova § 38. Søknader som kjem inn etter pårekna sakhandsamingstid, kan ikkje rekna med at det vert fatta vedtak innan planlagt arrangementsdato.

For faste løyve der det skal hentast inn høyringsuttaler og fattast vedtak av formannskapet kan det vera ei sakshandsamingstid på inntil 4 mnd, jf. § 1-11.

Faste sals- og skjenkeløyve / Skjenkeløyve for ein bestemt del av året	Inntil 4 mnd.
Utvida skjenkeløyve for eitt enkelt bestemt høve	2 veker
Utvida skjenkeløyve til innføring/produksjon/skjenking	4 veker
Utvida salsløyve til innføring/produksjon/sal	4 veker
Skjenkeløyve for eitt enkelthøve lukka lag	2 veker
Skjenkeløyve for eitt enkelthøve	4 veker

KAP. 6. Definisjonar

Gruppeinndelinga i alkohollova er basert på alkoholinnhaldet i drikken, målt i volumprosent. Det betyr at alkoholhaldig drikk med same alkoholinnhald skal verta likebehandla, jf. § 1-3.

6.1. Alkoholgrupper

Gruppe	Prosent	Døme
Alkoholfri drikk	Under 0,7 volumprosent alkohol	
Alkoholsvak drikk	f.o.m 0,7- t.o.m. 2,5 volumprosent alkohol	Lettøl
Alkoholhaldig drikk gruppe 1	Over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol	Øl og rusbrus
Alkoholhaldig drikk gruppe 2	Over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol	Vin og brennevin under 22%
Alkoholhaldig drikk gruppe 3	F.o.m. 22 – t.o.m. 60 volumprosent alkohol	Sterkvin og brennevin over 22%

6.2. Aldersgrenser for sal, skjenking og kjøp

Brot på § 1-5 kan medføre inndraging av sals- eller skjenkeløyve og straffeansvar.

Alkoholfri drikk	
Alkoholsvak drikk	18 år, med unntak for sal dersom ein person over 18 år har tilsyn med salet
Gruppe 1	18 år
Gruppe 2	18 år
Gruppe 3	20 år

6.3. Salsløyve

> *«Med salg forstås overdragelse av alkoholholdig drikk til forbruker mot vederlag for drikking utenfor salgsstedet.»*

6.4. Skjenkeløyve

> *«Med skjenking forstås salg for drikking på stedet. Som skjenking regnes det også når bevillingshaver vet om at det drikkes i deler av hans hus som han har rådighet over, eller på andre steder i hans besittelse, eller på husets nærmeste tilliggelser.»*

KAP. 7. Fast salsløyve

Stord kommune har ikkje sett eit øvre tal for salsløyve.

Kommunalt salsløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, og på særskilte vilkår utvidast til gruppe 2, jf. punkt 7.8 i desse retningslinene.

Salsløyve vert som hovudsak berre gjeve til daglegvarebutikkar. Matvarer og andre nærings- og nytelsesmiddel vert rekna som daglegvarer. Det kan i særskilte høve, etter ei konkret heilskapsvurdering, bli gjeve løyve til spesialbutikkar som t.d. ølutsal og kvalitetsmatbutikkar.

Det kan setjast vilkår for salsløyva i samsvar med vanlege forvaltningsrettslege reglar og praksis. Kommunen har høve til å setje både generelle vilkår for alle salsstadane i kommunen og/eller individuelle vilkår i høve til kvart enkelt løyvevedtak. Dei hovudomsyna som ligg til grunn for fastsetjing av vilkår skal vera nemnd i vedtaket eller gjort kjent for søkaren på annan måte.

7.1. Generelle vilkår for salsløyve

a) Kommunalt salsløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gjeld for eitt lokale og ei særskild verksemd.

b) Det skal til ei kvar tid innanfor salsstaden si opningstid vera mogleg å gjennomføra ikkje-varsla salskontroll med salslokalet.

c) For faste løyve skjer utrekning av gebyr på bakgrunn av forventa omsett mengd alkohol, rapportert på elektronisk skjema innan 1.mars, og skal forskotsbetalast.

d) Løyvegebyret skal årleg forskotsbetalast innan frist på utsendt faktura.

e) Ved årsslutt og seinast 1. mars skal løyvehavar senda inn faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk på elektronisk skjema. Det skal leggjast ved ei godkjenning av omsetnadsoppgåva frå revisor.

f) Dersom det ligg føre avvik på meir enn 10% mellom oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk, skal kommunen utføra etterutrekning og etteroppgjer.

g) Ved brot på reglane om oppgåverapportering eller ved manglande innbetaling av gebyr til rett tid, skal kommunen for kvart av brota fatta enkeltvedtak om tildeling av 2 prikkar.

h) Alle endringar i høve løyvet skal kommunen varslast via eige endringsskjema på kommunen si heimeside.

i) Ved nedlegging av verksemda skal kommunen varslast på eige skjema på kommunen si heimeside. Ev. mellomlegg mellom oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk skal reknast inn i eit sluttoppgjer.

7.2. Gebyr salsløyve

I Stord kommune skal det betalast inn gebyr ved søknad om nytt salsløyve.

Ved søknad om løyve skal det meldast inn forventa omsett mengd alkohol og gebyret vert utrekna ut frå dette og skal forskotsbetalast.

Gebyret vert minimum minstegebyret etter alkoholforskrifta. For 2020 er minstegebyret for sal kr 1700. Minstegebyret og gebyrsatsen per liter alkohol vert justert årleg og samsvarer til ein kvar tid med gjeldande satsar i alkoholforskrifta § 6-2.

Vert søknaden søknad trekt eller ikkje innvilga skal det betalast eit gebyr på kr 500.

Gebyret skal gå til å dekka kommunen sine kostnader til sakshandsaming og kontroll av løyvet.

7.3. Gebyr for avlegging av kunnskapsprøve for sal

Avgifta vert justert i samsvar med til ein kvar tid gjeldande sats, jf. alkoholforskrifta § 5-6:

> *«For avleggelse av prøve, herunder forsøk på avleggelse, betales et forskuddsgebyr på kr 400.»* (2020)

Gebyret skal betalast på førehand, og vert ikkje refundert dersom kandidaten ikkje møter opp til avtalt time.

7.4. Nettsal

Det vert ikkje gjeve salsløyve til nettsal av alkoholhaldig drikk gruppe 1. i Stord kommune.

7.5. Desse kan ikkje få salsløyve

Bensinstasjonar, kioskar/storkioskar og pølseboder/gatekjøkken jf. § 3-8 og alkoholforskrifta § 3-4.

7.6. Vilkår knytt til løyvehavar/salsstyrar/reservesalsstyrar

a) Løyvehavar, styrar og reservestyrar for salsløyvet må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova.

b) Salsstyrar og reservestyrar for salsløyvet må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve i alkohollova.

c) Styrar og reservestyrar er ansvarlege for at utøvinga av løyvet til ei kvar tid vert forsvarleg utført og etter vilkåra i løyvevedtaket, i alkohollova og i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningsliner.

d) Dersom styrar eller reservestyrar ikkje er eigar/medeigar e.l. er det eit vilkår at vedkomande har eit formelt tilsettingsforhold, som hovudregel i full stilling.

e) Styrar og reservestyrar skal ha overordna stilling i høve andre tilsette. Ein kan berre vera styrar/reservestyrar ved ein stad.

f) Løyvehavar pliktar å melde frå med ein gong dersom styrar eller reservestyrar sluttar og skal då søke om godkjenning av ny styrar på eige endringsskjema.

g) Løyvehavar, styrar/reservestyrar er ansvarlege for at tilsette som sel alkoholhaldig drikk gruppe 1 får kontinuerleg opplæring i alkohollova sitt regelverk og kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner.

h) Løyvehavar pliktar å føra internkontroll i høve til salsløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i samsvar med alkohollova, jf. alkoholforskrifta §§ 8-1, 8-2 og 8-3

i) Det vil liggje føre grunnlag for vedtak om prikktildeling dersom salsstader ikkje følgjer opp pliktane sine etter alkohollova, alkoholforskrifta eller vilkår i løyvevedtaket.

j) Styrar/reservestyrar for løyvet pliktar å delta i samtalar, informasjonsmøte, kurs og konferansar som Stord kommune eller annan offentleg instans skipar til for verksemdene og deira tilsette. Dersom ein ikkje møter/deltek vert det rekna som brot på vilkår i løyvet. Dette gjev grunnlag for vedtak om prikktildeling og kan få konsekvensar for løyvet.

7.7. Salstider

Salstidene for alkoholhaldig drikk gruppe 1 er fastsett som følgjer, jf. § 3-7 og Lov om heilagdagar og heilagdagsfred §§ 2 og 5:

Måndag – fredag	Kl. 08:00 – 20:00
Laurdag	Kl. 08:00 – 18:00
Dagar før helgedagar • onsdag før Skjærtorsdag • nyttårsafta Unntak • onsdag før Kristi Himmelfartsdag	Kl. 08:00 – 18:00 Kl. 08:00 – 20:00
Påske-, Pinse- og julafta	Kl. 08:00 – 16:00
Søndag, helgedagar, 1. mai og 17. mai	Stengt

7.8. Utvida løyve til produksjon og innførsel av alkohol gruppe 1 og 2 for sal i eiga verksemd

Utvida løyve for sal i eiga verksemd etter § 3-1b kan bli gjeve for innførsel av alkoholhaldig drikk gruppe 1. Utvida løyve til produksjon av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 kan bli gjeve på særskilde vilkår, jf. § 1-7f.

Det vert ikkje sett tak på tal utvida salsløyve i Stord kommune. Alle søknader skal sakshandsamast og det vert fatta vedtak innanfor gjeldande lovverk og desse retningslinene.

7.9. Sal og skjenking i same lokale

Det er forbode å gi løyve til sal og skjenking i same lokale.

KAP. 8. Fast skjenkeløyve

Stord kommune har ikkje sett eit øvre tal for skjenkeløyve. Kommunalt fast skjenkeløyve vert gjeve for ein periode på inntil fire år om gongen, men gjeld i det lengste til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunalt skjenkeløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3.

Det kan setjast vilkår for skjenkeløyve i samsvar med vanlege forvaltningsrettslege reglar og praksis. Kommunen har høve til å setje både generelle vilkår for alle skjenkestadene i kommunen eller individuelle vilkår i høve til kvart enkelt løyvevedtak. Hovudomsyna som grunngjev fastsetjinga av vilkåra skal vera nemnde i vedtaket eller gjort kjent for søkjaren på annan måte.

8.1. Generelle vilkår for skjenkeløyve

a) Løyvehavar skal ha eit godkjent serveringsløyve.

b) Det skal til ei kvar tid innanfor skjenkestaden si opningstid vera mogleg å gjennomføra varsla og ikkje-varsla kontroll med skjenkelokalet.

c) Løyvet er knytt til ein skjenkestad med eitt særskilt driftskonsept t.d. spiserestaurant, kafè, pub, e.l. med vilkår som går fram av løyvevedtaket.

d) Løyvet er knytt til eitt særskilt lokale som er klart avgrensa og framstår som ein skjenkestad i samsvar med konseptbeskrivinga.

e) Konsertar, framsyningar, revyar og ulike arrangement knytt til skjenkestader skal primært ta til seinast kl. 22:00 alle dagar.

f) Ved løyve til skjenking etter kl. 23:00 vert det sett vilkår om vakthald i samsvar med til ein kvar tid gjeldande avtale med politiet.

g) For faste løyve skjer utrekning av gebyr på bakgrunn av forventa omsett mengd alkohol, rapportert på elektronisk skjema innan 1. mars, og skal forskotsbetalast.

h) Løyvegebyret skal årleg forskotsbetalast, innan frist på utsendt faktura.

i) Ved årsslutt og seinast 1. mars skal løyvehavar senda inn oppgåve over faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk på elektronisk skjema. Det skal leggjast ved ei godkjenning av oppgåva frå revisor.

j) Dersom det ligg føre avvik på meir enn 10% mellom oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk, skal kommunen utføra etterutrekning og etteroppgjer.

k) Ved brot på enten manglande oppgåverapportering eller manglande innbetaling av gebyr til rett tid, skal kommunen for kvart av brota fatta enkeltvedtak om tildeling av 2 prikkar.

l) Alle endringar i høve løyvet skal kommunen varslast via eige endringsskjema på kommunen si heimeside.

m) Ved nedlegging av verksemda skal kommunen varslast på eige skjema på kommunen si heimeside. Ev. mellomlegg mellom oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk skal reknast inn i eit sluttoppgjer.

8.2. Gebyr for fast skjenkeløyve

I Stord kommune skal det betalast inn gebyr ved søknad om nytt skjenkeløyve.

Ved søknad om løyve skal det meldast inn forventa omsett mengd alkohol og gebyret vert utrekna ut frå dette og skal forskotsbetalast.

Gebyret vert minimum minstegebyret etter alkoholforskrifta. For 2020 er minstegebyret for skjenking kr 5300. Minstegebyret og gebyrsatsen per liter alkohol, vert justert årleg, og samsvarar til ein kvar tid med gjeldande satsar i alkoholforskrifta § 6-2.

Vert søknaden søknad trekt eller ikkje innvilga skal det betalast eit gebyr på kr 500.

Gebyret skal gå til å dekka kommunen sine kostnader til sakshandsaming og kontroll av løyvet.

8.3. Gebyr for å ta kunnskapsprøven for skjenking

Avgifta vert justert i samsvar med til ein kvar tid gjeldande sats, jf. alkoholforskrifta § 5-6:

«For avleggelse av prøve, herunder forsøk på avleggelse, betales et forskuddsgebyr på kr 400.» (2020)

Gebyret skal betalast på førehand, og vert ikkje refundert dersom kandidaten ikkje møter opp til avtalt time.

8.4. Vilkår knytt til skjenkestader ut frå konsept

For å avgrense tilgang til alkohol for mindreårige, lette kontroll med skjenkestadane og avverje skadeverknader av alkohol, set Stord kommune følgjande vilkår ut frå konsept:

a) **Kafè:** Spisestad med servering ved bord og med eit utval av enklare rettar som bakverk, salatar og supper. Ein større del av omsetnaden må vera mat, og det må vera høve for barn og unge å få matservering. Skjenkeløyve for kafè kan bli gjeve fram til kl. 18:00. Dersom ein ønskjer skjenking etter kl. 18:00 må det i tillegg søkast om løyve tilsvarande Pub frå kl. 18:00 – innanfor makstid.

b) **Spiserestaurant:** Spisestad med servering ved bord og med eit breitt utval av varme og kalde matrettar. Ein større del av omsetnaden må vera mat, og det må vera høve for barn og unge å få matservering. Skjenkeløyve for spiserestaurant kan bli gjeve fram til kl. 23:00. Om ein ønskjer skjenking etter kl. 23:00 må det i tillegg søkast om løyve tilsvarande Pub frå kl. 23:00 – innanfor makstid.

c) **Pub:** Skjenkestad der det primært vert omsett alkoholhaldig/alkoholfri drikke. For skjenkestader med opningstid etter kl. 23:00 vert det sett vilkår om vakthald og inngangskontroll natt til laurdag og natt til søndag ut frå til ein kvar tid gjeldane avtale med politiet.

d) **Overnattingsstad:** Overnattingsstad blir i denne samanhengen definert som Hotell som driv med utleige av meir enn 30 rom mot betaling, og omfattar ikkje campinghytter e.l.

8.5. Aldersgrense for skjenkestader med alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2

a) Skjenkestader som skjenker alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, skal ha 18 års aldersgrense og det skal ikkje vera alkohol gruppe 3 tilgjengeleg i lokalet. Skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 må ikkje skje til personar under 18 år. Jf. § 1-5.

b) **Unntak for aldersgrense** ved matservering for konsepta «kafè» og «spiserestaurant», jf. 8.4. a) og b) i desse retningslinene.

c) Same løyvehavar kan søke om fleire faste løyve for same lokale, men desse kan ikkje utøvast i same tidsrom.

8.6. Aldersgrense for skjenkstader med alkoholhaldig drikk gruppe 3

a) Skjenkestader som skjenker alkoholhaldig drikk gruppe 3 skal ha 20 års aldersgrense. Skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 3 må ikkje skje til personar under 20 år. Jf. § 1-5.

b) **Unntak for aldersgrense** ved matservering for konsepta «kafè» og «spiserestaurant», jf. 8.4. a) og b) i desse retningslinene.

c) Same løyvehavar kan søke om fleire faste løyve for same lokale, men desse kan ikkje utøvast i same tidsrom.

8.7. Desse kan ikkje få fast skjenkeløyve

For å avgrense tilgjenge på alkohol på arbeidsplassar og stader der barn og unge oppheld seg, t.d. ved idrettsarrangement og andre fritidsaktivitetar, vil følgjande stader ikkje få innvilga fast skjenkeløyve i Stord kommune.

- Idrettshallar og idrettsstadion
- Serveringsstader med servering av fastfood t.d. gatekjøkken
- Kantiner på arbeidsplassar
- Kafeteriaer med sjølvbetjening

8.8. Vilkår for fast skjenkeløyve til slutta lag

a) Søknad om fast skjenkeløyve til slutta lag må i kvar einskild sak vurderast i høve til den aktiviteten som går føre seg til vanleg i lokalet, og søkjar si grunngjeving for søknaden.

b) Søkjar i slike saker må elles fylla alle vilkår som vert sett til løyvehavar for faste skjenkeløyve i kommunen, og retta seg etter vilkår i Alkohollova og i dei Alkoholpolitiske retningslinene for Stord kommune.

c) Løyvehavar må ha skriftleg avtale med initiativtakar for kvart einskild arrangement og den må innehalda:

    - Namn på initiativtakar og konsept for arrangementet
    - Dato og klokkeslett for arrangementet
    - Tal på inviterte og deira tilknyting til arrangør for arrangementet

- Aldersgrense i samsvar med løyvevedtaket.

Ved kontroll skal avtalen kunna leggjast fram

8.9. Utvida skjenkeløyve for eitt enkelt høve

a) Skjenkestad med fast skjenkeløyve kan søke om utvida skjenkeløyve til å gjelda i eit anna lokale, for andre alkoholgrupper eller klokkeslett for eitt enkelt høve eller ein del av året. Arealet eller lokalet må vera godkjent for føremålet.

b) Skjenkestaden sin styrar og reservestyrar er ansvarlege for det utvida løyvet.

c) Skjenkestaden sine varer kan nyttast og må meldast inn i samband med årleg rapportering av omsett mengd alkohol for fast løyve.

d) Skjenkestaden sine tilsette kan nyttast. Det kan bli gjeve unntak for vilkår om E-læringskurs for frivillige ved større arrangement, men skjenkestyrar er ansvarleg for opplæringa av frivillige og at utøvinga av løyvet går forsvarleg føre seg.

e) Løyvehavar kan få vedtak om prikktildeling knytt til det faste skjenkeløyvet for hendingar under eit arrangement med utvida løyve for eitt enkelt høve.

8.10. Vilkår knytt til løyvehavar/skjenkestyrar/reserveskjenkestyrar/andre tilsette

a) Kvart løyve må ha ein styrar og ein reservestyrar som er over 20 år.

b) Styrar/reservestyrar for skjenkeløyvet, og andre med vesentleg innflytelse på verksemda, må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova.

c) Skjenkestyrar/reservestyrar for skjenkeløyvet, må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve i alkohollova.

d) Løyvehavar/styrar/reservestyrar pliktar å følgja regelverket som er fastsett i alkohollova, i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningsliner og i særskilde vilkår i løyvevedtaket.

e) Dersom styrar eller reservestyrar ikkje er eigar/medeigar er det eit vilkår at vedkomande har eit formelt tilsettingsforhold, som hovudsak i full stilling.

f) Styrar/reservestyrar skal ha det daglege og reelle ansvaret for skjenkinga, og skal ha overordna stilling i forhold til dei andre tilsette. Ein person kan berre vera styrar/reservestyrar på ein stad.

g) Løyvehavar plikter å melde frå med ein gong dersom styrar eller reservestyrar sluttar og skal då søke om godkjenning av ny styrar på eige endringsskjema.

h) Løyvehavar pliktar å føra internkontroll i høve til skjenkeløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i samsvar med alkohollova, jf. alkoholforskrifta §§ 8-1, 8-2, 8-3.

i) Styrar/reservestyrar for skjenkeløyvet er ansvarleg for god internkontroll, at det vert ført internkontrollhandbok som dokumenterer at tilsette - som står for servering/skjenking/vakthald - får kontinuerleg opplæring i alkohollova sitt

regelverk og kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner.

j) Tilsette som skjenker alkohol skal dokumentera kompetanse i kunnskap om regelverk, i form av bestått kunnskapsprøve i alkohollova, eller ved gjennomført e-læringskurs i situasjonshandtering, jf. Ansvarleg vertskap, Helsedirektoratet.no

k) Det vil liggje føre grunnlag for vedtak om prikktildeling dersom skjenkestader ikkje følgjer opp pliktane sine etter alkohollova, alkoholforskrifta eller vilkår i løyvevedtaket.

l) Styrar/reservestyrar for løyvet pliktar å delta i samtalar, informasjonsmøte, kurs og konferansar som Stord kommune eller annan offentleg instans skipar til for verksemdene og deira tilsette. Dersom ein ikkje møter/deltek vert det rekna som brot på vilkår i løyvet. Dette gjev grunnlag for vedtak om prikktildeling og kan få konsekvensar for løyvet.

8.11. Vilkår knytt til skjenkelokale

a) Alle skjenkestader, uansett konsept og løyveomfang, skal ha bygningsmessig god standard og vera godkjente for føremålet.

b) Kvar enkelt skjenkestad må ha eit tydeleg konsept som vert spegla i lokalet og interiøret.

c) Skjenkestader må ha god hygienisk standard og fylla dei vilkåra som annan lovgjeving set, t.d. arbeidsmiljølova, brann- og eksplosjonsvernlova, plan- og bygningslova, tobakkskadelova og "Generell forskrift for produksjon og omsetning mv. av næringsmidler", jf. § 4-7.

d) Det er ein føresetnad at det ikkje er tillate med nokon form for pengespel i lokale der det blir skjenka alkohol i Stord kommune.

8.12. Vilkår for skjenking av alkohol i kommunale lokale nytta til eiga verksemd

a) Det kan ikkje tildelast faste skjenkeløyve i bygg som Stord kommune nyttar til eiga verksemd.

b) I institusjonar eller bustader med heildøgn omsorgsteneste kan det serverast alkohol utan skjenkeløyve til eigne bebuarar og gjestene deira då dette vert rekna som ein heim, jf. § 8-9.

- Servering av alkohol mot betaling vil krevja skjenkeløyve.

8.13. Vilkår for skjenking i kommunale lokale som heilt/delvis er leigd bort

Det gjeld ingen særlege avgrensingar for skjenkeløyve i bygg som kommunen er medeigar i eller har eigarrett til, men som er leigd bort til lag, organisasjonar, stiftingar eller selskap o.l. over lengre tid.

8.14. Vilkår knytt til skjenkestader som ligg i eller ved kjøpesenter

a) Det er berre konseptet «Spiserestaurant» som kan få skjenkeløyve i eller ved kjøpesenter.

b) Restauranten må vera tydeleg skild frå resten av senteret i form av fastmonterte vegger og dører.

c) Når resten av senteret er stengt, må restauranten ha eigen, separat inngang frå utsida av senteret.

8.15. Vilkår knytt til geografisk plassering av skjenkestader

a) Det skal ikkje bli gjeve fast skjenkeløyve til serveringsstader som er plassert i bustadområde utanfor sentrumsnære område, som Leirvik, Heiane og Sagvåg.

b) Alle skjenkestader skal til vanleg vera plasserte i typiske nærings- og handelsområde.

c) Serveringsstader som er plassert i eller i tilstøytande lokale med aktivitetar for barn og unge kan ikkje få fast skjenkeløyve.

8.16. Vilkår om ordensmessig og sosial kontroll

a) Det er eit overordna vilkår at etablissement som har løyve til skjenking av alkohol skal utøva løyvet forsvarleg. Brot på vilkåret om forsvarleg drift vil gje grunnlag for prikktildeling eller inndraging av løyvet.

b) Skjenkestaden skal til ei kvar tid ha god orden og god sosial kontroll – både i skjenkelokalet, ved inngangen til lokalet og like eins utanfor dette.

c) Det er eit vilkår at talet på vakter og serverings-/skjenkepersonale skal stå i forhold til talet på gjester og vera i samsvar med vaktverksemdslova eller i samsvar med løyvevedtaket/lokal avtale med politiet. Ved utandørs skjenking gjeld særlege vilkår, jf. desse retningslinene punkt 8.19.

d) I samband med spesielle arrangement kan kommunale vedtaksorgan, administrasjonen og/eller politiet krevja forsterka kontrolltiltak, t.d. større festivalar. Jf. Arrangementshandboka for Stord kommune.

e) Skjenkestadene skal ikkje skjenka på ein slik måte at gjestene kan bli openbart påverka. I dette ligg eit tydeleg direktiv og ei klar oppmoding til skjenkestadene om ikkje å leggja opp til tilbod eller aktivitetar som kan stimulera til drikkepress eller til auka konsum av alkoholhaldige drikkevarer.

f) Skjenkestadene skal elles sjå til at det ikkje oppstår ein kultur der forsøpling, knusing av flasker og glas blir ein vane eller tilnærma akseptert. I så fall skal skjenkestadene innføra tiltak for å hindra slik utvikling t.d. ved å auka talet på vakter og serverings-/skjenkepersonale, auka talet på "avleveringsplassar" for flasker og brukte glas, innføra panteordning for utleverte glas e.l.

8.17. Skjenketider inne

Følgjande skjenketider innandørs gjeld for Stord kommune:

a) Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2:
Mellom kl. 11.00 og kl. 01.00 – med høve til skjenking til kl. 02.30 natt til laurdag og natt til søndag, alle dagane i året der skjenking av alkohol er tillate.

b) Alkoholhaldig drikk gruppe 3:
Mellom kl. 13.00 og kl. 01.00 - med høve til skjenking til kl. 02.30 natt til laurdag og natt til søndag, alle dagane i året der skjenking av alkohol er tillate.

c) Skjenketider på særskilde dagar og datoar:

- Onsdag før skjærtorsdag: til kl. 02.30 den påfølgjande dagen
- 30. april (dagen før 1. mai): til kl. 02.30 den påfølgjande dagen
- 16. mai (dagen før grunnlovsdagen): til kl. 02.30 den påfølgjande dagen
- 26. desember (2. juledag): til kl. 02.30 den påfølgjande dagen
- 27. desember: til kl. 02.30 den påfølgjande dagen
- 31. desember (nyttårsaftan): til kl. 02.30 den påfølgjande dagen

Merknad: Løyve til skjenking til kl. 02.30 gjeld likevel ikkje langfredag. Det gjeld heller ikkje 1. juledag sjølv om den fell på ein fredag eller laurdag.

d) Konsum av utskjenkte alkoholhaldige drikkevarer må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Det blir ikkje gitt høve til utvida skjenketid utover skjenketidene som er fastsett over.

8.18. Skjenketider utandørs

Følgjande skjenketider utandørs gjeld for Stord kommune:

a) Alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2:
Mellom kl. 11.00 og kl. 24:00 alle dagane der skjenking er tillate.

b) Alkoholhaldig drikk gruppe 3:
Mellom kl. 13.00 og kl. 24:00 alle dagane der skjenking er tillate.

c) Konsum av utskjenkte alkoholhaldige drikkevarer må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Det blir ikkje gitt høve til utvida skjenketid utover skjenketidene som er fastsett over.

8.19. Vilkår for utandørs skjenking

For å markera skjenkeområdet og halda god kontroll med utandørs skjenking vert det stilt følgjande vilkår i Stord kommune:

a) All utandørs skjenking skal ha eit eige løyve.

b) Skjenkeområdet utandørs skal vera tydeleg fysisk avgrensa slik at skjenkestaden har same inngangs-, alders- og sosial kontroll som for innandørs skjenking.

c) Skjenkearealet skal vera avgrensa med permanente, fysiske løysingar der m.a. søyler og gjerdestolpar er fast fundamenterte i grunnen.

d) Utvida løyve for utandørs skjenking skal nytta fysiske avgrensingar som er støypte i flyttbare fundament – likevel ikkje slik at avgrensinga lett kan flyttast av uvedkomande.

e) Høgda på den fysiske avgrensinga (gjerdet) skal vera min. 80 cm – både ved permanent og utvida løyve.

f) Det er ikkje høve til å vika frå vilkår om fysisk avgrensing ved t.d. å nytta blomekasser, urner eller tilsvarande løysingar med t.d. bruk av tau eller kjetting.

g) Skjenking utandørs skal skje på ein måte som ikkje er forstyrrande for naboskapet.

8.20. Overgang sommartid/vintertid

a) Ved overgang til sommartid stiller ein klokka fram frå kl. 02:00 til kl. 03:00. Skjenkestader som har skjenketid til kl. 02:00 eller seinare, må stenge skjenkinga på det tidspunktet klokka vert stilt fram, dvs. kl. 02:00. Klokka er då 03:00 etter ny tid.

b) Ved overgang til vintertid stiller ein klokka attende frå kl. 03:00 til kl. 02:00. Jamfør maksimaltidene vil skjenketida og konsumtida til alle skjenkestader vera over kl. 03:00. Det vert ikkje tilført ein ekstra time.

8.21. Skjenketider ved overnattingsstader

a) For godkjent skjenkeareal gjeld skjenke- og konsumtid i desse retningslinene punkt 8.16, 8.17, 8.18 og 8.19.

b) Overnattingsstader kan skjenka alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester utan omsyn til tidsavgrensingane i alkohollova, jf. 4-4. Det er ein føresetnad at skjenkinga til overnattingsgjester skjer utanfor overnattingsstaden sitt/sine ordinære skjenkeareal, på romma ved minibar/romservice, og at skjenkestaden har eit fast skjenkeløyve som spesifikt inkluderer slik skjenking.

8.22. Vilkår for skjenkeløyve i fartøy

a) Cruiseskip med minst ei overnatting på turen eller fartøy som er kollektive transportmiddel, må ha statleg skjenkeløyve.

b) Fartøy som er opne for allmenta og vert nytta som ein ordinær skjenkestad/restaurant, som tilbyr rundturar eller blir leigd ut for dagsturar/helgeturar m.v., må ha kommunalt løyve.

c) Fast kommunalt skjenkeløyve for skjenkelokale om bord på fartøy, er likestilt med løyve for landfaste skjenkestader i kommunen.

8.23. Utvida skjenkeløyve til innføring, produksjon og skjenking av alkohol gruppe 1 og 2 i eiga verksemd

Fast skjenkeløyve kan utvidast til å omfatte innføring/produksjon av alkoholhaldig drikk som skal skjenkast i eiga verksemd,.

8.24. Sal og skjenking i same lokale

Det er forbode å gi løyve til sal og skjenking i same lokale.

KAP. 9. Skjenkeløyve for eitt enkelthøve/del av året

Det vert ikkje gjeve ambulerande skjenkeløyve i Stord kommune. Det vert i staden lagt inn eigen gebyrsats for skjenkeløyve for eitt enkelthøve for lukka lag.

Skal ein arrangera eit lukka lag som t.d. bryllaup, bursdag eller konfirmasjon vil det ikkje vera naudsynt å søke om skjenkeløyve for eitt enkelthøve med mindre èin eller fleire av følgjande føresetnader er til stade:

a) Ein leiger lokale som inkluderer èin eller fleire tenester frå utleigar t.d. vasking og servering.

b) Ein tek betaling for alkohol.

c) Lokalet der arrangementet skal haldast, har serveringsløyve.

Med lukka lag vert det meint:
At det alt innan skjenkinga byrjar, er samla ein krets av personer for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale, til dømes bryllaup, konfirmasjon, jubileum m.m.

Deltakarane må ha ei eller anna tilknyting til den eller dei som inviterer til selskapet. Det er ikkje nok at ein før skjenkinga byrjar skriv seg på ei liste eller kjøper billettar. Det har inga betyding om talet på gjester er avgrensa, eller at arrangementet i innbydinga eller i ei annonse er omskrive som «lukka selskap/lag».

9.1. Ein må søke om skjenkeløyve i desse høva

Arrangement som ikkje oppfyller lova sine vilkår til lukka lag, vil til dømes vera:

- Vanlege medlemsmøte i eit lag eller ei foreining
- Samkome for idrettslag, klubbar, organisasjonar e.l.
- Studentfestar, russearrangement e.l.
- Kundekveldar, mat- og vin-kurs, kunstutstillingar, VIP-arrangement
- Arrangement som har avgrensa tilgang – med t.d. påmelding, men kor det ikkje føreligg ei naudsynt tilknyting til den/dei som inviterer

Ein må søke om skjenkeløyve for eitt enkelthøve om ein skal ha eit arrangement som er ope for publikum i lokale utan skjenkeløyve eller utandørs på eit avgrensa område.

9.2. Vilkår for kommunale lokale

a) Det kan bli gjeve skjenkeløyve for eitt enkelthøve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i følgjande bygg/lokale:

- Kulturhuset
- Stord Idrettspark-Vikahaugane AS
- Prestegardsskogen fleirbrukshall

b) Arrangement i lokale der Stord kommune er eigar/medeigar gjeld følgjande særreglar:

I. Idrettsarrangement med tilgjenge for barn under 18 år, kan ikkje få løyve til skjenking av alkohol.

II. Dei kommunale lokala kan berre leigast ut til arrangement med alkoholservering når det ikkje er planlagt/går føre seg andre arrangement retta mot born og unge på området eller i tilknytta fellesareal.

III. Når arrangement med alkoholservering skal finna stad, må lokalet/fellesområde vera stengt for barn og ungdom 1 time før og etter arrangementet.

IV. Det kan bli sett vilkår om vakthald for å hindra at barn/ungdom får tilgang til skjenkeareal. Dette vil gå fram i vedtak om løyve.

9.3. Vilkår for skjenkeløyve for eitt enkelthøve/del av året

Søknadsfrist: 2 veker/4 veker, jf. desse retningslinene punkt 5.2.

I samsvar med alkohollova § 1-6 har kommunen høve til å gje skjenkeløyve for eitt enkelthøve og ein del av året.

Vilkår:

a) Søkar må vera over 20 år.

b) Det skal utpeikast ein styrar og reservestyrar for skjenkeløyvet og desse må vera over 20 år.

c) Det kan bli stilt vilkår om bestått kunnskapsprøve og innhenta vandeluttale for styrar og reservestyrar.

d) Lokalet/uteområdet må godkjennast for føremålet som går fram av søknaden.

e) Det skal leggjast fram godkjenning frå grunneigar/huseigar/utleigar.

f) Det kan bli sett vilkår om innmelding av omsett mengd alkohol til kommunen innan 3 veker etter arrangementet er gjennomført. Ved omsetnad som overstig minimumsgebyret, kjem det eit tilleggsgebyr etter fastsett årleg sats.

g) Vilkår og retningsliner som vert pålagt av andre mynde eller som går fram av Arrangementshandboka skal følgjast og vera innfridd innan vedtak om løyve.

h) For mindre arrangement kan kommunen gjera unntak frå internkontrollplikta når det vert vurdert urimeleg på bakgrunn av administrative/økonomiske omsyn og staden sin storleik.

i) Om styrar og reservestyrar har kunnskapsprøven, gjev skjenkeløyvet rett til innkjøp engros.

j) Det er utarbeidd ei arrangementshandbok for Stord kommune som kan gje god rettleiing når ein ønskjer å skipa større arrangement som t.d.:

- Festival
- Utandørs konsert
- Utandørs arrangement

9.4. Løyvegebyr – skjenkeløyve for eitt enkelthøve/del av året

Minimumssatsen og gebyrsatsen per liter alkohol vert justert årleg, og samsvarer til ein kvar tid med gjeldande satsar i alkoholforskrifta § 6-2. For 2020 er minimumsgebyret for eitt enkelthøve kr 5 300.

I Stord kommune er det sett fylgjande gebyr:

a) Skjenkeløyve for eitt enkelthøve for lukka lag: kr 2 500

b) Skjenkeløyve for eitt enkelthøve: Minimumsgebyr + gebyr for faktisk omsett mengd alkohol som overstig minimumsgebyret

c) Skjenkeløyve for ein del av året: Minimumsgebyr + gebyr for faktisk omsett mengd alkohol som overstig minimumsgebyret.

d) Vert arrangementet avlyst eller søknaden trekt/ikkje innvilga skal det betalast eit gebyr på kr 500

Gebyret skal gå til å dekke kommunen sine kostnader til sakshandsaming og kontroll av løyvet.

9.5. Gebyr for avlegging av kunnskapsprøve for skjenking

Gjeld for styrar og reservestyrar av skjenkeløyve, jf. § 1-7c, alkoholforskrifta § 5-6.

Avgifta vert justert i samsvar med til ein kvar tid gjeldande sats, jf. alkoholforskrifta § 5-6:

«For avleggelse av prøve, herunder forsøk på avleggelse, betales et forskuddsgebyr på kr 400.» (2020)

Gebyret skal betalast på førehand, og vert ikkje refundert dersom kandidaten ikkje møter opp til avtalt time.

KAP. 10. Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve

NoRuSun har ansvaret for kontrollane på sals- og skjenkestadane. NoRuSun er eit vertskommunesamarbeid administrert av Sauda kommune og kontrollane vert utført etter ein nærare fastsett plan. Det er to årlege samarbeidsmøte med alle samarbeidskommunane.

a) Kvar sals- og skjenkestad skal kontrollerast minst éin gong per år.

b) Kommunen skal utføra minst 3 gongar så mange kontrollar som det er sals- og skjenkestader i kommunen.

c) Det skal førast kontroll med utøving av alle kommunale løyve. Kontroll med løyve for enkelthøve kjem i tillegg til dei ordinære kontrollane.

d) Dokumentert brot på alkoholregelverket skal føra til tildeling av prikk i medhald av alkoholforskrifta § 10-3.

10.1. Dokumenttilsyn

Dokumenttilsyn vert gjennomført av avdeling fellestenester.

a) Kommunen kan gjennomføra dokumenttilsyn for m.a. å sjekke om det er manglar i internkontrollhandboka, om omsetjingsoppgåva er levert, eller om omsetjingsgebyr er betalt.

b) Tilsyn med sals- og skjenkestadane sine nettsider og profilar på sosiale medium i høve reklameforbodet er også dokumenttilsyn.

c) Dokumentert brot på alkoholregelverket skal føra til tildeling av prikk i medhald av alkoholforskrifta § 10-3.

10.2. Rapportering

Vedtak om prikktildeling vert rapportert fortløpande som referatsak til Formannsskapet.

Årsrapport for kommunen sin alkoholkontroll skal kvart år leggjast fram for Formannskapet, Utval for oppvekst og kultur og Utval for rehabilitering, helse og omsorg.

- Årsrapporten skal innehalda oversyn over talet på kontrollar som er utført per sals-/skjenkestad og andre kommunale løyve

- Årsrapporten skal vidare ha oversyn over dei avvika kontrollørane har avdekka på dei ulike sals-/skjenkestadane og hjå andre kommunale løyve

Folkehelseinstituttet samlar årleg inn opplysningar om kommunale sals- og skjenkeløyve for alkohol og kommunen sin forvaltning knytt til desse.

KAP 11. Prosedyre og tiltak ved brot på alkohollovgjevinga

Rådmannen skal setja i gang prosedyre og tiltak ovanfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgjevinga, anna relevant lovgjeving og kommunale retningsliner, jf. gjeldande delegasjonsreglement.

11.1. Prikktildeling

Kommunen er plikta til å følgje dei påboda som følgjer av alkoholforskrifta kap. 10.

a) Dersom alkoholkontrollørane etter kontroll påviser brot på alkohollova med forskrifter eller kommunale retningsliner, skal kontrollørane skriva utfyllande rapport og sende til kommunen innan ei veke.

b) Innan ei veke må rådmannen sende kontrollrapport og førehandsvarsel om mogleg tildeling av prikk til løyvehavar, og anmode om uttale.

c) Ved dokumentert brot på alkoholregelverket ved dokumenttilsyn må rådmannen innan ei veke sende førehandsvarsel om mogleg tildeling av prikk med grunngjeving til løyvehavar, og anmode om uttale.

d) Etter uttalefrist vert det fatta enkeltvedtak om tildeling av prikk, med høve til å klage.

e) Opptening av prikkar kan takast med i vurderinga om eit løyve skal fornyast.

11.2. Anna grunnlag for prikktildeling

Rapportar frå andre mynde t.d. frå politiet etter bruk av stengingsadgangen, eller rapport om skjenking eller sal til mindreårige, om narkotikaomsetjing på staden.

11.3. Inndraging av løyve

Kommunen kan i løyveperioden inndra sals- og skjenkeløyve for resten av løyveperioden, eller for eit kortare tidsrom.

Rådmannen har mynde etter gjeldande delegasjonsreglement til å vedta ein standardreaksjon på midlertidig inndraging i ei veke dersom løyvehavar i løpet av to år blir tildelt 12 prikkar.

Formannskapet har mynde etter gjeldande delegasjonsreglement til inndraging av løyve i desse høve:

a) Dersom eit løyve ikkje er nytta det siste året.

b) Dersom vilkåra om krav til vandel ikkje lengre er innfridd.

c) Dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller bestemmingar i medhald av denne, eller anna lovgjeving når bestemmingane har samanheng med alkohollova sitt føremål.

d) Om det skjer gjenteke narkotikaomsetjing på staden, eller gjenteke diskriminering av grunnar som nemnd i straffelova § 186.

11.4 Inndraging av løyve er eit enkeltvedtak

a) Løyvehavar skal varslast skriftleg om at kommunen vurderer å inndra løyvet, med høve til uttale, jf. § 1-8 og i samsvar med forvaltningslova §§ 16 og 17.

b) Vedtak om inndraging skal grunngjevast og vera heimla i lovverket, og det skal bli gjeve høve til å klage, jf. §§ 1-8, 1-16 og i samsvar med forvaltningslova §§ 28 og 29

11.5. Politiet sitt mynde til å stenga sals- og skjenkestader

a) Politiet kan stenge ein stad som driv med sal/skjenking av alkohol utan naudsynt løyve.

b) Politiet kan stenge ein sals-/skjenkestad inntil to dagar, dersom det er naudsynt for å hindra forstyrring av offentleg ro og orden, ivareta enkeltpersonar eller ålmenta sin tryggleik, eller for å avverje eller stanse lovbrot, brot på arbeidsmiljølova eller økonomisk kriminalitet, jf. politilova § 7.

c) For alle opne arrangement/lukka lag med servering/skjenking av alkohol gjeld både punkt a) og b) over.